

RomjulsQuiz på Oska på torsdag.

27.12.2016



Torsdag er det RomjulsQuiz på Oska.

Roy Lervåg er tilbake etter velfortent juleferie, og torsdag er det klart for RomjulsQuiz på Oska. Quiz i romjula pleier å vera populært, og det er ein flott anledning for alle over 20 år til koma ut og kosa seg. Mange som er heime i anledning jula, set også pris på desse arrangementa.

Som vanleg er det quizmaster Sammy som styrer spørsmåla når det er quiz på Oska, og han stiller med eit velfylt lager med spørsmål og god breidde og variasjon i spørsmåla. Roy Lervåg fortel at det kan vera max 6 deltakarar på kvart lag og det kostar 100,-kr pr.deltakar i inngang. Til gjengjeld lovar han fine premiar når spenninga vert utløyst. Påmelding skjer til epost: rokokk@gmail.com eller til telefon: 918 64 091.

Det er til no påmeldt nokre lag, men det er plass til fleire. Underteikna deltok på siste quiz før jul(3. plass), og då var det fullt lokale, over 80 deltakarar fordelt på ca.15 lag og svært god stemning. Skal vi håpa på noko liknande på torsdag og?

For dei svoltne tilbyr kjøkkenet ei deilige vintersuppe med kjøt og vintergrønsaker, og som vanlig har dei eit svært rikhaldig utval i drikke. Dørene opnar kl.19, men quizen startar ein time seinare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: SmakifråOska